

Vedtekter for barnehagane i Hjelmeland kommune

Revidert juni 2020, etter vedtak i kommunestyret 17.06.20 knytt til §§ 6 og 9.

Innholdsoversikt

§ 1 Eigar

§ 2 Formål

§ 3 Samarbeidsutval

§ 4 Foreldreråd

§ 5 Opningstid

§ 6 Opptaksreglar

§ 7 Opptakskriterium i prioritert rekkefølge

§ 8 Arealnormer

§ 9 Betaling

§ 10 Manglande betaling

§ 11 Oppseiing

§ 1 Eigjar

Hjelmeland kommune eig og driv dei kommunale barnehagane, og rådmannen er ansvarleg for at drifta er i samsvar med gjeldande lovar, rammeplan for barnehagen og vedtekter. Kommunestyret godkjenner vedtektene.

Styrar er dagleg leiar for den einskilde barnehage.

§ 2 Formål

Barnehagane i Hjelmeland blir drivne i samsvar med § 1 Formål i lov om barnehagar, rammeplan og gjeldande forskrifter.

§ 3 Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet består av fem medlemmer. Foreldrerådet og dei tilsette vel to representantar kvar. Ein politisk representant er observatør, valt av kommunestyret.

Styrrar har møte- og forslagsrett og fungerer som sekretær for utvalet. Valperioden er eitt år.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ og skal handsame saker med verknad for barnehagen. Samarbeidsutvalet skal godkjenne ein årsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen.

§ 4 Foreldreråd

Barnehagane skal ha eit foreldreråd. Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet kan kvart år velje eit arbeidsutva (FAU). FAU vel sjølv leiar.

§ 5 Opningstid

Barnehageåret følger skuleruta. Den normale opningstida til barnehagane er frå kl. 07.30 til kl.16.15 fem dagar i veka. Utover dette må det søkjast spesielt.

Unntak frå opningstidene:

- Barnehagane er stengd på heilag- og høgtidsdagar, julaftan og på merkedagar (1. mai).
- På nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag er det stengd frå kl. 12.00.
- Barnehagane har fem plandagar i løpet av eit barnehageår. Då er barnehagane stengd.

Alle barn skal ta ut fire ferieveker i løpet av eit barnehageår. Tre av desse skal vere samanhengjande. Dei 5 planleggingsdagane vert rekna som den eine ferieveka.

§ 6 Opptaksreglar

Kommunen pliktar å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen, jf. §12a i Barnehagelova.

Føresette søker til hovudopptaket 1. februar med den dato dei ønsker plass. Føresette skal få tildelt barnehageplass ut i frå ønska dato, utan å måtte betale i perioden fram til denne dato. Barnet vert ikkje registrert med plasseringsstart før ønska dato.

Dersom ein søker innan fristen for hovudopptak er ein tryggare på å få tildelt plass i ønska barnehage. Nye plassar i løpet av barnehageåret (søknadar utanom hovudopptak/rullerande opptak) skal som hovudregel tildelast innan ein månad frå søknad, men ein er ikkje garantert plass i ønska barnehage. Ein kan då bli tildelt plass i ein annan barnehage i same opptakskrets.

Barnehagane på Fister, Hjelmeland og Årdal høyrer til same opptakskrets. Jøsenfjorden er ein eigen opptakskrets.

Dei som får anna tilbod enn dei primært har søkt om (annan barnehage eller anna opphaldstid), blir sett på felles prioritert venteliste. Den som står øvst på den felles ventelista til ei kvar tid, får først førespurnad ved ledig plass, uavhengig av kva dei primært har søkt.

Ein blir tildelt barnehageplass fram til skulestart for barnet. Barn busette i andre kommunar må søkje om plass kvart år.

Barnehagesøknad sendast inn via oppvekstportalen til Hjelmeland kommune (via kommunen si heimeside). Vedtak kan klagast til formannskapet. Klagen skal sendast via rådmannen.

§ 7 Opptakskriterium i prioritert rekkefølge

1. Barn med prioritet etter § 13 i Barnehagelova:

- Barn med nedsett funksjonsevne etter sakkunnig vurdering
- Barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4, 2. og 4. ledd.

2. Prioritet på grunnlag av dokumentasjon frå hjelpetenesta (helsestasjon, barnevern, lege, PPT) gis til:

- Barn med utsett skulestart, Opplæringslova, §§ 1.2 og 2.1, tredje ledd
- Barn frå familiar med store belastningar i form av sjukdom eller funksjonshemming.
- Barn frå språklege og kulturelle minoritetar, for å styrke språkutviklinga og integreringa.
- Barn med moderate vanskar som etter fagleg tilråding kan få eit tilpassa opplegg i barnehagen.

3. Barn som søker heil plass.

4. Barn med einslege forsyttarar.

5. Eldre barn går føre yngre barn.

6. Søsken av barn som allereie har ein barnehageplass eller som søker om plass samtidig.

§ 8 Arealnormer

Alle arealnormene skal vere i samsvar med «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular» (F3-98). Barnehagen skal ha ei arealutnytting inne på min. 4 m² netto leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år, og 5,3 m² pr. barn under 3 år. Uteareal bør vere om lag 6 gonger opphaldsarealet inne.

§ 9 Betaling

Betalingssatsane for opphald i barnehagen og søskenmoderasjon vert kvart år vedteke av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga. Dei til einkvar tid oppdaterte gebyra/betalingssatsane og prosent for søskenmoderasjon finn ein på heimesida til kommunen.

Matpris er ikkje del av moderasjonsordninga.

Det vert gitt søskenmoderasjon etter nærare reglar. Moderasjon omfattar heil- og halvsøsken som bur fast saman. Søskenmoderasjon skal gjelde uavhengig av om barn går i same eller i forskjellige barnehagar i kommunen.

Det er «kryssmoderasjon» mellom SFO og barnehage: Når barn på SFO har søsken i barnehagen, utløyser det søskenmoderasjon for alle søsken på SFO.

Foreldrebetaling skjer forskotsvis kvar månad. Betalingsåret er 11 månader.

Kommunen følgjer «Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling» knytt til hushald med låg inntekt.

§ 10 Manglande betaling

Manglande betaling kan føre til at barnet mister plassen i barnehagen.

§ 11 Oppseiing

Skal eit barn slutte i barnehagen, må plassen seiast opp skriftleg med minimum 3 månadar varsel. Dette gjeld og ved oppseiing av deler av plassen (endring til lågare opphaldstid). Det må betalast i oppseiingstida. Plassen kan seiast opp gjennom heile barnehageåret.